

Tabellar for fylkeskommunane

Tabell 1-fk

Tabell 2-fk

Tabell 3-fk

Tabell A-fk

Tabell B-fk

Tabell C-fk

Tabell D-fk

Tabell E-fk

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2015

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572 post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2015*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er basert på talet på innbyggjarar per 1. juli 2014. Skatteutjamninga blir gjort fortløpande gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene er kjende. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2015 og rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2016, og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså først klart i februar 2016.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og overgangsordninga for nytt inntektssystem. For meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet, sjå tabell 2-fk.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som ein sats per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er basert på talet på innbyggjarar per 1. januar 2014. Satsane for 2015 er prisjusterte.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 147
Troms	1 306
Finnmark	1 784

Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser skjønstilskot til fylkeskommunane for 2015. Innanfor skjønnsramma til fylkeskommunane føreslår departementet å halde tilbake 236,0 mill. kroner til fordeling gjennom året. 100 mill. kroner av desse er sett av til ekstraordinære hendingar m.m. i løpet av budsjettåret (reservepott), medan 136 mill. kroner er sett av til kompensasjon for meirkostnader ved kjøp av transporttenester etter endring i differensiert arbeidsgivaravgift, jf. Prop. 118 S (2013–2014).

Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2015

Sum av kolonnane 1–3.